

Sogn og Fjordane Holding as

Vår sakshandsamar:
Svein Øverland

Dato:
7. november 2022

Vår referanse:
Styret
Dykkar referanse:

EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

Sogn og Fjordane Holding AS (SFH) har basert seg på tilråding om eigarstyring og selskapsleiing utarbeidd av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing. Styret i SFH har bestemt at tilrådinga skal leggjast til grunn så langt det er praktisk mogleg og hensiktsmessig for selskapet. Som eit holdingselskap med særskildt avgrensa føremål er det nokre av tilrådingane som ikkje er relevante. Det er markert i dokumentet.

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
1	UTGREIING OM EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		
	Styret skal sjå til at selskapet har god eigarstyring og selskapsleiing.	+	Styret har vedteke å følgje prinsippa for god av eigarstyring og selskapsleiing så lenge dei er tenlege for selskapet og tilpassa SFH sine vedtekter, aksjonæravtale og andre rammevilkår.
	Styret skal i årsrapporten eller i dokument som det er vist til årsrapporten gje ei samla utgreiing for selskapet si eigarstyring og selskapsleiing. Utgreiinga skal omfatte kvart enkelt punkt i tilrådinga.	+	Styret utarbeider ei orientering frå styret kvart år som vert lagt ut på heimesida og sendt til eigarane i samband med generalforsamlinga.

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Dersom tilrådinga ikkje er følgt skal avvik grunnjevast og det skal gjerast greie for korleis selskapet har innretta seg.	+	Det smale føremålet saman med vedtekter og aksjonæravtaler gjer at det er fleire avvik. Det er gjort greie for desse eller det er markert at punktet ikkje er relevant og kvifor.
2	VERKSEMD		
	Selskapet sine vedtekter bør tydeleg vise den verksemda selskapet skal drive.	+	Selskapet eig per 1. august 2019 49,56 prosent av aksjane og er største eigar i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet si verksemd er ved eit langsiktig og stabilt eigarskap å sikre at dei verdiar som ligg i eigarskapen til aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS – og sjølvve eigarskapen - kan bli verande i Sogn og Fjordane. Føremålet med å eige og utøve aksjonærrettane til aksjane er å styrke Sogn og Fjordane Energi AS som eit viktig sjølvstendig, regionalt og lokalt eigd kraftselskap i Sogn og Fjordane. Selskapet har og som målsetnad å auke selskapet sitt eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS, mellom anna ved kjøp av aksjar og deltaking ved kapitalutviding i Sogn og Fjordane Energi AS. Selskapet kan og gje ansvarleg lån o.a. til Sogn og Fjordane Energi AS for å styrke selskapet sin soliditet og posisjon som eit viktig sjølvstendig og regionalt kraftselskap.
	Selskapet bør utarbeide klare mål, strategiar og risikoprofil for verksemda, slik at selskapet skaper verdiar for aksjonærane.	-	Viser til punktet ovanfor som dekker dette.
	Selskapet bør ha retningsliner for korleis omsynet til omverda vert integrert i verdiskapinga.	+	Selskapet har mellom anna vedteke eigne etiske retningsliner
	Styret bør evaluere mål, strategiar og risikoprofil minst årleg.	+	Styret evaluerer mål, strategiar og risikoprofil ved behov

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
3	SELSKAPSKAPITAL OG UTBYTTE		
	Styret bør sjå til at selskapet har ein kapitalstruktur som er tilpassa selskapet sine mål, strategiar og risikoprofil.	+	Blir gjort i samband med årleg fastsetting av utbytte, samt at ein vurderer ved behov/endingar.
	Styret bør utarbeide en klar og forseieleg utbyttepolitikk.	+	Aksjonæravtalen har som mål å gje eigarane eit rimeleg utbytte. Det vert tilpassa SFE AS sin utbyttepolitikk, men slik at det til ein kvar tid er midlar til den daglege drifta. Utbytte vert betalt ut året etter at det er motteke frå SFE AS.
	Forslag om at styret skal få fullmakt til å dele ut utbytte, bør vere grunngeve.	+	Generalforsamlinga har ikkje gitt slik fullmakt til styret
	Ei styrefullmakt til å auke aksjekapitalen eller kjøpe egne aksjar bør gjelde eit definert formål. Ei slik styrefullmakt bør ikkje vare lenger enn fram til neste ordinære generalforsamling.	+	Generalforsamlinga har ikkje gitt styret slik fullmakt.
4	LIKEBEHANDLING AV AKSJEEIGARAR OG TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE		
	Dersom eksisterande aksjeeigarar sin fortrinnsrett ved kapitalauke fråvikast, bør det grunngevast. Dersom styret vedtek kapitalauke med fråvik av fortrinnsrett på bakgrunn av fullmakt, bør grunngevinga kunngjerast i børsmelding i samband med kapitalauken.	+	Ikkje gjort vedtak om fråvik av fortrinnsretten.

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Ved ikkje uvesentlege transaksjonar mellom selskapet og aksjeeigar, aksjeeigar sitt morselskap, styremedlem, leiande tilsette eller nærstående av desse, bør styret sjå til at det ligg føre ei verdivurdering frå ein uavhengig tredjepart. Dette gjeld ikkje når generalforsamlinga skal behandle saka etter reglane i allmennaksjelova. Uavhengig verdivurdering bør ligge føre også ved transaksjonar mellom selskap i same konsern der det er minoritetsaksjonærar.	+	Aksjelova § 3-8 og 3-9 regulerer transaksjonar mellom selskapet og aksjeeigarar. Uavhengig vurdering synest relevant ved vesentleg transaksjonar med omsyn til beløp eller avtaler utanfor selskapet si vanlege verksemd.
5	AKSJAR OG OMSETTELIGHEIT		
	Selskapet bør ikkje avgrense høvet til å eige, omsette eller stemme for aksjar i selskapet.	-	Vedtektene og aksjonæravtalen har avgrensingar på eige, røysting og omsetting av (både A og B) aksjane.
	Selskapet bør gjere greie for avgrensingar i høvet til å eige, omsette eller stemme for aksjar i selskapet.	+	Vedtektene og aksjonæravtalen har avgrensingar på eige, røysting og omsetting av (både A og B) aksjane.
6	GENERALFORSAMLING		
	Styret bør legge til rette for at aksjeeigarane kan delta på selskapet si generalforsamling.	+	SFH følgjer aksjelova sine reglar med frist for innkalling/sakspapir. Saksdokument for generalforsamling blir lagt på selskapet si heimeside. Det er opna for at aksjeeigarane kan delta på fjernmøte (Teams o.l.)

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Styret bør sørge for at saksdokumenta er utførlege og presise nok til at aksjeeigarane kan ta stilling til alle saker som skal handsamast	+	
	Styret bør sørge for at påmeldingsfristen settast så nær møtet som mogeleg	+	Det er ikkje påmeldingsfrist for deltaking på generalforsamling.
	Styret bør sørge for at styret og leiar av valnemnda er til stades på generalforsamlinga	+	Styret får innkalling til generalforsamlinga. SFH har ikkje valnemnd.
	Styret bør sørge for at generalforsamlinga kan velje ein møteleiar som er uavhengig.	+	SFH følgjer aksjelova § 5-12; styreleiar opnar generalforsamlinga og generalforsamlinga vel møteleiar.
	Aksjeeigarane bør kunne stemme i kvar enkelt sak, inkludert stemme på enkeltkandidatar ved val. Aksjeeigarar som ikkje kan være til stades på generalforsamlinga bør gjevast moglegheit til å stemme. Selskapet bør utforme eit fullmaktsskjema og peike ut ein person som kan opptre som fullmektig for aksjeeigarane.	+	Tre av styret sine medlem m. vara vert vald på generalforsamlinga etter nominasjon frå Vestland fylkeskommune (A-aksjane). To vert valde av dei 18 kommunane. Korleis dette vert løyst er førebels ikkje fastsett.
7	VALKOMITÉ		
	Selskapet bør ha ein valkomité, og valkomitéen bør stå i vedtektene. Generalforsamlinga bør fastsetje nærmare retningsliner for valkomitéen, velje komitéen sin leiar og medlemmer og fastsette komitéen si godtgjersle.	X	SFH har ikkje valkomité. Resten dette punktet er difor ikkje relevant.

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Valkomitéen bør ha kontakt med aksjeeigarar, styremedlemmane og konsernsjef i arbeidet med å foreslå kandidatar til styret.	X	Ikkje relevant.
	Valkomiteen bør samansettast slik at omsynet til aksjonærfellesskapet sine interesser blir ivarettatt. Fleirtalet i valkomiteen bør vere uavhengig av styret og andre leiande tilsette. Maksimalt eit medlem av valkomitéen bør vere styremedlem og bør då ikkje stille til attval. Dagleg leiar eller andre leiande tilsette bør ikkje vere medlem av komiteen.	X	Ikkje relevant.
	Valkomitéen si oppgåve bør vere å foreslå kandidatar til styret og valkomitéen (eventuelt bedriftsforsamlinga) og godtgjersle til medlemmene av desse organa.	X	Ikkje relevant.
	Valkomitéen bør grunngje kvart framlegg til kandidat.	X	Ikkje relevant.
	Selskapet bør informere om kven som er medlemmer av komiteen og fristar for å foreslå kandidatar.	X	Ikkje relevant.
8	STYRET, SAMANSETTING OG UAVHENGIGHEIT		

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Styret bør settast saman slik at det kan ivareta aksjonærfellesskapet sine interesser og selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det bør takast omsyn til at styret kan fungere godt som eit kollegialt organ.	+	Val av styremedlemer er regulert av vedtektene. Det er ulike reglar for val av medlemmane frå A-aksjane og B-aksjane.
	Styret bør samansettast slik at det kan handle uavhengig av særinteresser. Fleirtalet av dei aksjeeigarvalde medlemmene bør vere uavhengige av selskapet si daglege leiing og vesentlege forretningspartnarar. Minst to av dei aksjeeigarvalde medlemmene bør vere uavhengige av selskapet sine hovudaksjeeigarar.	+	Val av styremedlemer er regulert i vedtektene. To av medlemmane veljast av eigarane av aksjeklasse B, dei andre av generalforsamlinga. Styreleiaren og minst ein av medlemmane frå aksjeklasse B skal ha folkeregistrert adresse i det geografiske området Sogn og Fjordane, slik grensene var før 1. januar 2020.
	Leiande tilsette bør ikkje vere medlem av styret. Dersom slike representantar er styremedlem, bør det forklarast og få konsekvensar for organiseringa av styret sitt arbeid, mellom anna bruk av styreutval for å bidra til ein meir uavhengig førebuing av styresaker, jf. punkt 9.	+	Verksemda har ikkje tilsette. Det er ikkje aktuelt for tilsette i verksemda som står for den daglege leiinga å vere medlem av styret eller underutval.
	Generalforsamlinga (eventuelt bedriftsforsamlinga) bør velje styreleiar.	+	Val av styreleiar er ikkje vedtektsfesta.
	Styremedlemmer bør ikkje veljast for meir enn to år av gangen.	+	Vedtektene fastset valperioden til fire år.

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	I årsrapporten bør styret opplyse om deltaking på styremøta og om forhold som kan klargjere styremedlemmene sin kompetanse. I tillegg bør det opplystast kva styremedlemmer som vert vurdert som uavhengige.	X	Ikkje relevant i SFH grunna konsesjonsmessige forhold, vedtekter og aksjonærsamansetning.
	Styremedlemmer bør oppfordrast til å eige aksjar i selskapet.	X	Ikkje aktuelt i SFH grunna konsesjonsmessige forhold, vedtekter og aksjonærsamansetning.
9	STYRET SITT ARBEID		
	Styret bør fastsette instruksar for styret og for den daglege leiinga med særleg vekt på klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.	x	Styret har den 7.11.22 fastsatt instruks for styret og utøving av daglig leiing funksjonen. Denne oppdaterast ved behov.
	For å sikre ei uavhengig handsaming av saker av vesentleg karakter der styreleiar sjølv er eller har vore aktivt engasjert, bør eit anna styremedlem leie diskusjonen i slike saker.	+	Vanlege habilitetsreglar gjeld her
	Større selskap skal etter allmennaksjelova ha revisjonsutval. Det samla styret bør ikkje fungere som selskapet sitt revisjonsutval. Mindre selskap bør vurdere etablering av revisjonsutval. I tillegg til lova sitt krav om samansetning av revisjonsutvalet mv., bør fleirtalet av medlemmane i utvalet vere uavhengig av verksemda.	X	SFH har ikkje revisjonsutval.

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Styret bør og vurdere bruk av kompensasjonsutval for å få ei grundig og uavhengig handsaming av saker som gjeld godtgjersle til leiande tilsette. Slikt utval bør vere satt saman av styremedlemmer som er uavhengige av leiande tilsette.	X	SFH har ikkje kompensasjonsutval.
	Styret bør informere om eventuell bruk av styreutval i årsrapporten.	X	SFH har ikkje styreutval.
	Styret bør evaluere sitt arbeid og sin kompetanse årleg.	+	Styret vil ha rutine for årleg evaluering
10	RISIKOSTYRING OG INTERN KONTROLL		
	Styret skal sjå til at selskapet har god intern kontroll og hensiktsmessige system for risikostyring i høve til omfanget og arten av selskapet si verksemd. Internkontrollen og systema bør også omfatte selskapet sine retningslinjer mv for korleis omsynet til omverda vert integrert i verdiskapinga.	+	Denne er formalisert gjennom styreinstruksen vedtatt 7.11.2022
	Styret bør årleg gjennomføre ein gjennomgang av selskapet sine viktigaste risikoområder og den interne kontroll.		Styret vil ha ein årleg gjennomgang av selskapet sine viktigaste risikoområder og den interne kontroll.
11	GODTGJERSLE TIL STYRET		

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Godtgjersle til styret bør reflektere styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda si kompleksitet.	+	Generalforsamlinga har fastsett godtgjersla til styret
	Godtgjersle til styret bør ikkje vere resultatavhengig. Opsjonar bør ikkje utdelast til styremedlemmer.	+	Godtgjersla er ikkje resultatavhengig. Det vert ikkje delt ut opsjonar.
	Styremedlemmer, eller selskap som dei er tilknytte, bør ikkje ta på seg særskilte oppgåver for selskapet i tillegg til styrevervet. Dersom dei likevel gjer det, bør heile styret være informert. Honorar for slike oppgåver bør godkjennast av styret.	+	Dette vert ev. fastsett av generalforsamlinga.
	Dersom det har vore gitt godtgjersle utover vanlig styrehonorar, bør det spesifiserast i årsrapporten.	X	Ikkje aktuelt.
12	GODTGJERSLE TIL LEIANDE TILSETTE		
	Styret utarbeider retningslinjer for godtgjersle til leiar og tilsette i samsvar med lova. Retningslinjene vert lagt fram for generalforsamlinga. Styret si erklæring om leiarløn bør vere i eit eige saksdokument til generalforsamlinga. Det bør vere opplyst kva retningslinjer som skal vere rettleiar og eventuelt kva som skal vere bindande. Generalforsamlinga bør stemme separat over kvar av retningslinjene.	x	Ikkje relevant. SFH kjøper tenesta for å ivareta dagleg leiing funksjonar og har ikkje eignetilsette.

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Retningslinjene for fastsetjing av godtgjersle til leiande tilsette bør angi hovudprinsippa for selskapet sin leiarlønnspolitik. Retningslinjene bør bidra til samanfallande interesser mellom aksjeeigarane og leiande tilsette.	X	Ikkje relevant.
	Resultatavhengig godtgjersle til leiande tilsette i form av opsjons-, bonusprogram eller liknande, bør knytast til verdiskaping for aksjeeigarane eller resultatutvikling for selskapet over tid. Slike ordningar, mel- lom anna opsjonsordningar, bør vere prestasjonsretta og forankra i målbare forhold som den tilsette kan påverke. Det bør settast eit tak på resultatavhengige godtgjersler.	X	Ikkje relevant.
13	INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON		
	Styret bør fastsetje retningslinjer for selskapet sin rapportering av finansiell og anna informasjon basert på openheit og under omsyn til kravet om likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden.	X	Ikkje relevant.
	Styret bør fastsette retningslinjer for selskapet sin kontakt med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga.	x	Det framgår av styreinstruksen at alle aksjeeigarar blir kalla inn til eigarmøte ved behov. Det blir og informert til aksjeeigarar ved behov uten å kalle inn til eigarmøte.
14	OVERTAKING AV SELSKAP		

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Styret bør utarbeide hovudprinsipp for korleis det vil opptre ved eventuelle tilbod om overtaking.	+	<p>Dette er regulert i vedtektene og aksjonæravtalen fram til 2029. Føresegnene om forkjøpsrett i aksjelova skal ikkje gjelde, jf. aksjeloven § 4-19 (1).</p> <p>Ei kvar overdraging eller inngåing av avtale om overdraging av aksjane i selskapet krev samtykke frå styret.</p>
	I ein situasjon der det føreligg eit tilbod om overtaking, bør styret og leiinga ha eit sjølvstendig ansvar for at aksjeeigarane vert handsama likt og at ikkje verksemda vert unødig forstyrra. Styret har eit særskilt ansvar for at aksjeeigarane har informasjon og tid til å kunne ta stilling til bodet.	+	<p>Ved avgjerd om Sogn og Fjordane Energi AS, eller nokon av dette selskapet sine dotterselskap, skal fusjonere eller gjere vedtak om annan foretakssamanslutning med andre selskap, er eigarar av B-aksjar som har eigarinteresser i selskap som Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap føreslåast fusjonert eller samanslåast med ugilde, og kan ikkje stemme på generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Holding AS. Stemmane til dei aksjonærane som ikkje kan stemme fordelast høvesvis på dei eigarar av B-aksjar som ikkje har slike eigarinteresser. Tilsvarande gjeld avgjerd om sal av aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS eller selskapet sine dotterselskap.</p>

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	<p>Styret bør ikkje forhindre eller gjere det vanskeleg for nokon å komme med eit tilbod på selskapet si verksemd eller aksjar.</p>	<p>X</p>	<p>Selskapet må på grunn av konsesjonsrettslege tilhøve i SFE verte verande eit reelt offentleg eigd selskap, jf. vannfallrettighetsloven §§ 2 jf. 5. Overdraging av aksjar som gjer at selskapet ikkje lenger er offentleg eigd, vil kunne få vesentlege negative konsekvensar for selskapet. Ein kvar transaksjon som utløyser negative konsesjonsrettslege konsekvensar for selskapet, eller selskap kor selskapet eig aksjar, skal nektast.</p> <p>Dersom overdraginga av aksjar ikkje vil utløyse negative konsesjonsrettslege konsekvensar som nemnde i førre avsnitt, men der konsesjonsbehandling er naudsynt for å avklare om salet vil føre med seg negative konsekvensar, skal styret kunne godkjenne aksjeoverdraginga med atterhald om utfallet av konsesjonsbehandling. Etter fullført konsesjonsbehandling kan samtykke nektast etter denne føresegna. Eventuelle avtalar om overdraging av aksjar skal innehalde atterhald som gjer at avtale om overdraging fell bort dersom styret i selskapet nektar å godkjenne overdraginga av aksjane.</p> <p>Eventuelle avtalar om overdraging av aksjar skal innehalde atterhald om at konsesjon vert gjeve på tilfredsstillande vilkår.</p>

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Avtale med tilbydar om å avgrense selskapet sin moglegheit til å skaffe fram tilbod på selskapet sine aksjar bør berre inngåast når det er openbart at det kan grunnjevast med at det er i selskapet og aksjeeigarane si felles interesse. Det same gjeld avtale om kompensasjon til tilbyder om tilbodet ikkje vert gjennomført. Eventuell kompensasjon bør avgrensast til dei kostnadane tilbyder har med å framsette tilbodet.	+	Sjå over.
	Avtaler mellom selskapet og tilbydar som er vesentleg for marknaden si vurdering av tilbodet, bør gjerast offentleg seinast med melding om at tilbodet vil bli sett fram.	X	Ikkje relevant. Sjå over.
	Dersom det vert satt fram eit tilbod på aksjane i selskapet, bør ikkje selskapet sitt styre utnytte fullmakter om emisjon eller treffe andre tiltak med formål å hindre gjennomføringa av tilbodet, utan at det er godkjent av generalforsamlinga etter at tilbodet vart kjent.	+	Sjå over.
	Dersom det kjem eit bod på selskapet sine aksjar, bør styret gje ein uttale med ei tilråding om aksjeeigarane bør akseptere eller ikkje. I styret si uttale om tilbodet bør det gjerast kjent om vurderinga er samrøystes og om ikkje, på kva grunnlag enkelte medlemmar av styret har motsegn til styret si uttale. Styret bør innhente ei verddivurdering av ein uavhengig sakkyndig.	+	Sjå over.

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført

KAP	TILRÅDING FOR EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING		STYRET SINE MERKNADER
	Transaksjonar som i realiteten inneber avhending av verksemda, bør vedtakast av generalforsamlinga (eventuelt bedriftsforsamlinga).	+	Sjå over.
15	REVISOR		
	Styret bør sørge for at revisor kvart år legg fram hovudtrekka i ein plan for gjennomføring av revisjonsarbeidet.	+	Årleg engasjementsbrev.
	Styret bør innkalle revisor til møter som handsamar årsrekneskapen. I møta bør revisor gjennomgå eventuelle vesentlege endringar i selskapet sine rekneskapsprinsipp, sentrale forhold ved revisjonen, vurdering av vesentlege rekneskapsestimat og alle vesentlege forhold der det har vore usemje mellom revisor og administrasjonen.	+	
	Styret bør minst ein gang i året gjennomgå selskapet sin interne kontroll med revisor, herunder identifiserte svake sider og forslag til forbetringar.	+	Blir gjort ved behov.
	Styret bør fastsetje retningslinjer for den daglege leiinga sin tilgang til å nytte revisor til andre tenester enn revisjon.	+	Blir gjort ved behov

+ = gjennomført, x = ikkje relevant, - = ikkje gjennomført ~ = delvis gjennomført